

Breiband til 1711 husstandar i Lindås

20 nye område i Lindås kommune får breiband i 2018. Men ikkje nok med det, kommunen har pengar att til meir utbygging når jobben er gjort.

Publisert 20. september 2017



For eitt år sidan stakk Lindås kommune av med heile potten til breibandutbygging i Hordaland. Med støtte frå Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) og egne midlar gjekk Lindås på anbod med 15,6 millionar til betre dekning for innbyggjarar og næringsliv i kommunen.

Pengar att

Lindås kommune bad om tilbod på 20 område, og er svært nøgd med at pengane viser seg å rekkje til alle desse områda – og litt til.

– Vi teiknar avtale med tre leverandørar, og har 7 millionar att når jobben er gjort. Det betyr at vi kan